

## Notat

---

**Til:** Fylkesutvalet, møte 28.september 2016

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### VESTLANDSRÅDET 2017 – LEIING OG ORGANISERING

#### Politisk og administrativ leiing

Frå 01.01.17 overtek fylkesordføraren i Sogn og Fjordane som leiar i Vestlandsrådet. Dette inneber at fylkesordføraren leier Vestlandsrådet sine møte, og vidare leier arbeidet i dei fire fylkes-ordførarane sitt arbeidsutval (AU). Fylkesordføraren i Hordaland har i 2016 denne rolla.

Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane vil frå same dato overta innstillingsretten til Vestlandsrådet. Fylkesrådmannen innstiller då i alle saker som vert lagde fram for Vestlandsrådet.

Ordninga med ein fast tilsett sekretariatsleiar for Vestlandsrådet, med kontorstad i Stavanger (Rogaland fylkeskommune), vart avvikla frå 01.01.2016. Vedkomande som var tilsett i stillinga gjekk då av med pensjon. Vestlandsrådet valde då å la sekretariatsleiarfunksjonen gå på omgang mellom dei fire vestlandsfylka, tilsvarande den politiske leiarrolla og den administrative innstillingsretten.

Dette inneber at Sogn og Fjordane fylkeskommune også får sekretariatsleiaransvaret for arbeidet i Vestlandsrådet frå årsskiftet. Sekretariatsgruppa har faste representantar/kontaktpersonar i Sogn og Fjordane, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar, og denne gruppa skal då leiast frå vårt fylke i 2017.

#### Konkretisering av organiseringa

Sekretariatsfunksjonen vil fylkesrådmannen ivareta ved at det vert sett av ca. 0,7 stilling på stabs-nivå og ca. 0,3 stilling jamt fordelt på lineavdelingane næring og kultur, samferdsle og opplæring. Næring, kultur og samferdsle er dei fagområda som i størst grad har prega arbeidet i Vestlandsrådet dei siste åra. Ei organisering som skissert inneber aktiv deltaking og eit visst pådrivaransvar frå lineavdelingane i saker innafor egne fagområde.

Fylkesrådmannen meiner at vi innanfor denne modellen bør nytte oss av eit tilbod frå fylkesrådmannen i Hordaland om fagleg og administrativ støtte innanfor fagområdet internasjonalt arbeid. Dette fordi vi per i dag ikkje har på plass fagkompetanse eller kapasitet til å ta ansvar for dette området.

Stillingsressursen i fylkesrådmannen sin stab vil innebære ei deling mellom:

- Sekretariatsleiar med hovudansvar
- Strategisk støtte
- Administrativ støtte

Sentrale arbeidsområde for sekretariatet er:

- Utarbeiding og kvalitetssikring av saksframlegg til behandling i Vestlandsrådet og AU.
- Koordinering av arbeidet i faggruppene som er etablerte i Vestlandsrådet: Samferdsle, internasjonalt arbeid, næringsretta satsingar og kultur.
- Koordinering av arbeidet i sekretariatsgruppa på tvers av fylkeskommunane, der møte- og saksplanlegginga vert gjort. Sekretariatsgruppa held om lag eitt telefonmøte per månad.
- Utarbeiding av budsjett, rekneskap og årsrapport for året fylket har hatt leiarvervet.
- Halde oppe ei god informasjonsteneste og oppdatere nettsida for Vestlandsrådet.
- Teknisk ansvar for saksutsending, protokollføring og arkivering.
- Praktisk planlegging, bestilling og tilrettelegging i samband med møta i Vestlandsrådet.

Særleg utarbeiding og kvalitetssikring av saksframlegg til behandling i AU og Vestlandsrådet involverer dei etablerte faggruppene på tvers av fylka. Fagressursar frå næring, kultur og samferdsle er alt i dag knytt opp mot faggruppene i Vestlandsrådet. Desse ressursane må vere innstilte på å vere pådrivarar og initiativtakarar i 2017, slik at vi sikrar framdrift i arbeidet med saksutgreingar og leveransar i tråd med politiske forventningar.

Fylkesrådmannen peikar ut ein fast kontaktperson mot Hordaland fylkeskommune i samband med handteringa av internasjonalt arbeid. Informasjonstenesta vil, også på tvers av fylkeskommunane, syte for oppdatering av Vestlandsrådet si nettside, og leggje til nyhendesaker m.m.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har dei seinare åra betalt kr. 500 000 i «medlemskontingent» til Vestlandsrådet. Det er budsjettert med det same for 2016.

### **Praktiske avklaringar før Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek leiarvervet**

Innan utgangen av året/tidleg på nyåret skal Hordaland fk overlevere følgjande til oss:

- Vestlandsrådet sitt samla saksarkiv (elektronisk database).
- Redaktøransvaret for heimeside, saksdistribusjon og informasjonsopplegg
- Samla oversyn over Vestlandsrådet sin økonomi og ansvaret for å forvalte «medlemskontingenten»

Vestlandsrådet vedtok elles årsmelding for 2015 i mai 2016. Det vart i saka ikkje oversendt ein eigen rekneskap for 2015, og det er heller ikkje utarbeidd eit budsjett for 2016. Fylkesrådmannen vil arbeide for at dette formelt vert «kvittert ut» før Sogn og Fjordane overtek leiarskapen, innstillingsretten og sekretariatsansvaret for Vestlandsrådet.

Vestlandsrådet handsama rekneskapen for 2014 i februar 2015, saman med budsjett 2015. I rekneskapen står det at ... «Regnskapet er underlagt Rogaland fylkeskommunes ordinære regnskap- og revisjonspraksis». Med bakgrunn i dette vil Rogaland og Hordaland fylkeskommunar saman syte for eit rekneskapsoppsett for 2015 som Vestlandsrådet får til handsaming i neste møte. Dette kan gjerne sjåast i samanheng med ei eiga sak om budsjett for 2016 frå Hordaland fylkeskommune.

Ved handsaminga av budsjett for 2017 må Vestlandsrådet ta stilling til kor mykje Sogn og Fjordane fylkeskommune skal få overført for å m.a. utføre sekretariatsfunksjonen i 2017.

**Dette til fylkesutvalet si orientering.**